



Referat frå kommunemøte torsdag 14. mai

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

Ikkje til stade: Austrheim kommune, Eidfjord kommune, Fitjar kommune og Tysnes kommune

1. Informasjonssaker

Tidspunkt for neste kommunemøte

Komande torsdag er Kristi Himmelfartsdag og møtet neste veke fell difor vekk. Første møte vert **torsdag 28. mai kl. 13.30**. Av praktiske årsaker ber vi kommunane om å ringe/kople seg opp i møtet seinast klokka 13.15.

Møte om vårflaum onsdag 20. mai

Rådmenn og beredskapskontaktar har fått invitasjon i Outlook til eit møte om vårflaum, neste onsdag kl. 10.00 - 11.00.

Normalt er ikkje vårflaum eit stort problem i Vestland, men grunna dei store snømengdene i fjellet og den kalde våren, er sannsynet større enn vanleg. Vi valde å sende invitasjonen til alle kommunane, sjølv om vi er innforstått at vårflaum er eit svært lite aktuelt tema i mange kommunar.

Dette er uansett ei viktig påminning om at vi òg under koronaen må vere budde på å handtere andre typar uønskte hendingar parallelt. Vi ser t.d. at det i ein del fylke allereie har vore skogbrann.

Undervegs-evaluering

Vi ønskjer å invitere kommunane til undervegs-evaluering av pandemien. Vi ønskjer å fange opp det vi har lært av det vi har vore igjennom på godt og vondt, slik at vi kan omsetje det til læring og forbetring. Vi må førebu oss på at det kan kome nye smittebølgjer i månadene som kjem, og undervegs-evalueringa er meint å bidra til at vi er mest mogleg budd på dette.

Vi planlegg dette som ein to-trinns rakett; først sender vi eit spørreskjema på nett, og så inviterer vi til eit møte der vi diskuterer dette.

Vi ønskjer berre eitt svar frå kvar kommune, og vil sende skjemaet til beredskapskontakten. Han eller ho må så syte for å involvere andre i i utforminga av svaret. Det er viktig at både leiinga i kommunehelsetenesta og administrasjonen bidreg med å svare.

2. Skjønnsmidlar til kommunane

Fylkesmennene nasjonalt har fått tildelt ei ekstra skjønnsramme på 400 mill. kroner, av dette er 200 mill. fordelt i akuttfasen. Vi fordelte vår del. 23,7 mill. til kommunane (jf. brev av 27.03.2020), og midlane vart utbetalt i rammetilskotet 4. mai.

Av resterande midlar 200 mill. kroner, har Fylkesmannen i Vestland til fordeling nye 23,7 mill. kroner. I retningslinjene frå departementet skal ekstra skjønnsmidlar gå til kommunar som har hatt meirutgifter i samband med covid-19-utbrotet, og formålet er m.a. å dekkje uføresette hendingar i kommunane. Fylkesmannen vil kartlegge dette nærare i kommunane før utbetaling av den siste potten, t.d. gjennom kommunane sine økonomirapportar (1. tertial) og om det har oppstått uføresette hendingar knytt til covid-19-utbrotet. Vi har ikkje teke endeleg stilling til når vi fordeler midlane, i og med at dette også har med utviklinga av utbrotet å gjere. Men vi tek sikte på å fordela før sommarferien.



Når det gjeld andre kompensasjonar til kommunane, viser vi til tidlegare informasjon frå KMD og Fylkesmannen, og seinast framlagt revidert nasjonalbudsjett.

Og så minner vi om det vi har sagt før, som eg trur kommunane har innarbeidd, at vi rår til at kommunane fører ekstraavgifter knytt til Covid-19 på særskilde prosjektnummer slik at det er enkelt å identifisera med tanke på eventuelle erstatningsordningar.

3. Kommunal godkjenning av ulike aktivitetar

Vi høyrar at kommunane, og særleg smittevernlegane, får ein del påtrykk frå private, både verksemder, lag og organisasjonar, om å godkjenne ulike aktivitetar ut frå Covid-19-forskrifta.

Vi gjer merksam på at kommunane etter forskrifta (§ 18) berre har ei tilsynsrolle etter kapittel 3, som gjeld opplærings- og utdanningsverksemd. For andre typar verksemder har kommunane inga rolle i forskrifta. Det hindrar sjølvstilt ikkje at kommunane gjev råd og rettleiing og har ein god dialog med dei private. Kommunen kan altså ikkje godkjenne eller nekte ulike aktivitetar med tilvising til Covid-19-forskrifta.

Dersom det er konkret smittefare som det ikkje er mogleg å førebyggja på annan måte ved eit vedtak kan kommunen gjere lokale vedtak etter smittevernlova § 4-1 jf. § 1-5.

4. Ferieavvikling

Ferielova

Fleire kommunar har bedt oss ta opp med nasjonale styresmakter om det vil vere aktuelt å opne for å lempe på krava i ferielova. Vi har løfta dette opp, men har ikkje fått ei tilbakemelding.

Det betyr at kommunane må planlegge ut frå det som går fram av gjeldande ferielov, mellom anna hovudreglane om at:

- Arbeidsgjevaren i god tid før ferien skal drøfta fastsetjing av ferietid med dei tilsette, seinast to månadar før ferien skal ta til. Må altså gjerast no, dersom det ikkje er gjort.
- Arbeidstakaren kan krevje at hovudferie (18 verkedagar) skal avviklast mellom 1. juni og 30 september.
- Retten til ferie ikkje kan erstattast av utbetalingar.

Det er ein unntaksregel som gjev rom for å endre tidspunktet for ferien, framleis innanfor 1. juni og 30. september. Vilåret er då at det er naudsynt på grunn av uføresette hendingar som kan føre til vesentlege driftsproblem, og det ikkje kan skaffast ein avløyser. I og med at koronasituasjonen etter kvart har vorte ein normalsituasjon, kan det vere vanskeleg å kome inn under unntaket når det no skal lagast ein bemanningsplan for sommaren, men dersom det oppstår eit lokalt smitteutbrot som må handterast ved å leggja om planlagt ferie, vil det fort kunne omtalast som ein unntakssituasjon.

Reglane om drøfting av fastsetjing av ferietid kan fråvikast ved tariffavtale. Kva tidsrom ferien kan avviklast i, kan fråvikast ved tariffavtale eller avtale med kvar einiskild.

KS har i samarbeid med LO, Unio, YS og Akademikerne vorte samde om ein felles rettleiar for avvikling av ferie sommaren 2020. I rettleiaren har partane vorte samde i at ferieavviklinga så langt som råd må



planleggast og gjennomførast på ein mest mogleg normal og føreseieleg måte for arbeidstakarane og arbeidsgjevarane.

Rettleiaren finn de her: <https://www.ks.no/informasjon-om-koronaviruset/arbeidsgiver/felles-veileder-om-avvikling-av-ferie-i-2020/>

Karantenerreglar – Covid-19-forskrifta

Vi har fått mange spørsmål om utanlandsk helsepersonell som arbeider som ferievikarar i kommunane, særleg om sommaren, og karantenerreglar for desse.

Karantenereglane ved innreise til Noreg går fram av Covid-19-forskrifta:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470>

Det er ein allmenn regel om karantene i ti dagar for personar som kjem frå utlandet. Men det er to unntak som er relevante:

- Unntak for personar busette i Sverige eller Finland, som kjem til Noreg for å arbeide.
- Unntak som er strengt naudsynte for å kunne oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar, eller ta i vare grunnleggjande behov i befolkninga.

Helse- og omsorgsoppgåver er kritiske samfunnsfunksjonar, og det er difor rom til å ta inn vikarar frå andre land enn Sverige og Finland, utan at desse får karantene i arbeidstida og under reise. For at desse skal vere unnateke karantenekravet, må dei vere strengt naudsynte for å oppretthalde forsvarleg drift, og det må ikkje vere mogleg å dekke vikarbehovet på anna måte. Verksemdsleiinga i kommunen, i praksis helse- og omsorgssjef eller liknande, må ut frå ei helsefagleg vurdering gjere denne vurderinga.

Det er samstundes viktig å understreke at unntak frå karantene ved innreise frå utlandet berre gjeld i arbeidstida og ved reise til og frå arbeid. På fritida si skal dei vera i karantene i ti dagar og unngå nærkontakt med andre.

Helsefaglegeråd ved unntak frå karantenerreglar

FHI har utarbeidd rettleiing for personar som er unnateke karanteneplikta i samband med arbeid. De finn informasjon om dette her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/hjemmekarantene-og-hjemmeisolering-i-forbindelse-med-covid-19/?term=&h=1>

Korleis sikre forsvarleg drift?

Fylkesmannen forstår at det er krevjande å balansere det å ivareta normal drift, samstundes som ein skal halde oppe beredskapen. Sommaren og ferieavviklinga gjer ikkje utfordringane mindre.

Nokre har vald å utarbeide ein plan A der ein planlegg for vanleg ferieavvikling, samstundes som ein har ein plan B for kva ein skal gjere ved ein eventuell opptrapping. Dette er ein tilnærming som vi tenkjer kan vere lur i den situasjonen vi står i no.

Vi er kjend med at nokre kommunane i Sunnhordaland og nokre rundt Bergen ser på høve for å gå saman om koronasenger for å klare å halde oppe tilstrekkeleg beredskap over sommaren. Vi oppmodar resten av kommunane til òg å sjå på slike samarbeid.



Det kan òg vere smart å vurdere om det er meir de kan samarbeide om for å klare denne balansen. Helse Fonna har mellom anna informert om at dei i ein situasjon med avgrensa tilgang på jordmødrer, inngjekk eit samarbeid med tilhøyrande kommunar. Vi tilrår at de nyttar dei ulike formene for helsefelleskap til å tenke korleis de saman kan løyse behov som kjem opp.

Nasjonale og regionale ressursdatabasar

a. Nasjonalt register for ledig helsepersonell

Helsedirektoratet har oppretta eit nasjonalt register der ledig helsepersonell kan registrere seg. Kommunar og helseføretak med behov for helsepersonell kan søke om tilgang til registeret. Ein vil då få tilgang til personell i sitt område, inkludert kontaktinformasjon. Det vil berre vere personell med gyldig autorisasjon eller lisens som vert vist.

Meir informasjon om ordninga er tilgjengeleg på Helsedirektoratet sin nettstad:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/okt-behov-for-helsepersonell-under-koronavirusutbruddet>

a. Regionalt register for ledig helsepersonell – Helse Bergen

Helse Bergen ved Randi-Luise Møgster informerte om arbeidet dei har gjort i si koordineringsgruppe for personell. Pandemigruppa til helseføretaket har oppretta ulike underutval, eit av desse er dedikert til personellsituasjonen.

Det vart laga ei felles rekrutteringsannonse. Til saman 1400 personar meldte seg til å bidra ved både sjukehus og ute i kommunane. Underutvalet for personell vaska lista, og gjorde uttak av aktuelt personell til den einskilde kommune etter innmeldt behov.

I dag er lista tømmt for leger og sjukepleiarar, men det er framleis noko anna helsepersonell igjen. Viss det er kommunar som har spørsmål/behov kan dei ta kontakt med utvalet.

Underutvalet for personell har òg diskutert felles problemstillingar knytt til personell, som mellom anna utfordringar knytt til kryss-smitte ved arbeid på fleire institusjonar og korleis ein skal handtere dette mest mogleg likt. I tida som kjem ser undergruppa for seg at den vil få ein rolle i omdisponering av personell ved behov.

5. Skule og barnehage

Skuleskyss v/Håkon Rasmussen, fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport og Målfrid Vik Sønstebø, direktør i Skyss/Kringom

Fylkeskommunen er ansvarleg for skuleskyss for om lag 27 000 elevar, fordelt på 450 skular. I dag tilbyr dei det same ordninga som før skulestenginga, men med redusert kapasitet grunna krav til avstand mellom folk (om lag halvparten av normal kapasitet). Dette gjer at dei ikkje klarer å tilby eit fullverdig tilbod til alle dei som har krav på skuleskyss. Skyss/Kringom har starta ei prosess med å kartlegge behovet ute i kommunane, og oppmodar om at elevar som har høve finn seg andre måtar å kome seg til skulen.



Skyss/Kringom ser at det er utfordrande når skuleskysstilbodet vert dimensjonerande for korleis skulekvardagen skal gjennomførast. For å klare å oppretthalde eit best mogleg tilbod oppmodar Skyss/Kringom skuleeigarane til å halde på start og sluttidspunkt. Viss ein har behov for kortare skuledag for å ivareta smittevernomsyn så tilrår Skyss/Kringom at ein heller har færre skuledagar enn å redusere lengda på dei enkelte dagane.

For meir informasjon om skuleskyss i Vestland sjå notat frå Skyss/Kringom.

Rapportering til Utdanningsdirektoratet

Det vert lagt opp til ein rapportering i veka til Utdanningsdirektoratet. Direktoratet ønskjer å få inn rapport frå tre til fem kommunar i veka og fram til midten av juni. Fylkesmannen vil sette opp ein plan for kven som skal rapportere når i Vestland Fylke. Planen og spørsmåla som det skal rapporterast på vil delast med kommunane så fort det er klart.

Leirskule

Kva som er dei konkrete pliktane knytt til leirskule går fram av nettstaden til Utdanningsdirektoratet: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/skole-korona/>

Bjørnafjorden kommune ønskjer tilbakemelding på korleis andre kommunar handterer spørsmål om leirskule. Fylkesmannen oppmodar kommunane om å dele seg i mellom korleis dei held seg til slike problemstillingar.

6. Nav-kontor

Vi er kjend med at Nav-kontora i fylket er stengd og at dei berre tilbyr digitale tenester. Nav-Vestland har vore tydlege på at dei meiner at kontora ikkje treng å opnast. Vi har informert dei om at vi ikkje er samde i denne vurderinga. Vi oppmodar kommunane som partnerar og ansvarleg for den sosiale delen av tenestene til Nav, om å presse på for å opne for publikum. Dette gjeld både etter avtale og for drop in timar. Det er viktig at ein tek i var dei som ikkje handterer den digitale plattformen.

7. Kartlegging av barn og unge

Fylkesmannen har gjennomført ei kartlegging på vegne av Bufdir, i samarbeid med Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet, gjennomført ei omfattande kartlegging av barn og unge som omfatta barnevern, skuler og helsetenester.

Det vert i dag (14. mai) sendt ut ein ny kartlegging frå Bufdir med svarfrist tysdag 19. mai.

I ein rapport frå 30. april vert det avdekt at det er ein nasjonal bekymring for barn og unge. I rapporten nemnast særleg to ting, som vi ber kommunane rette særleg merksemd mot:

- Dei barna som nå lever i større risiko for å utsettast for vald
- Barn med store behov og som ikkje alltid får den avlastinga og støtta dei treng



8. Felles prosedyre for smittesporing og prosedyre ved påvist Covid-19 i kommunal helseinstitusjon v/Øystein Furnes, kommuneoverlege i Sunnfjord kommune

Furnes sit i den taktiske samhandlingsgruppa i helseregionen til Helse Førde. Gruppa består av fem kommuneoverlegar frå regionen og sentrale personar frå Helse Førde. Den taktiske samhandlingsgruppa har hatt jamlege møter gjennom koronasituasjonen, og arbeider mellom anna med å syte for koordinert handtering av koronasituasjonen både kommunane i mellom, og mellom kommunane og helseføretaket. Gruppa er godt forankra i helseføretaket og i kommunane.

Den seinare tida har dei arbeida med å førebu seg på ein ny smittebølgje. Som ein del av arbeidet har dei mellom anna sett på høve for å opprette eit interkommunalt samarbeid om koronasenger i helseregionen for å ivareta beredskapen gjennom sommaren.

Eit anna tema som har vore drøfta er korleis ein best kan handtere eit smitteutbrot ved ein institusjon. Med utgangspunkt i denne problemstillinga er det utarbeid ein felles prosedyre. Prosedyren er generisk, og vil måtte tilpassast den einskilde kommune.

Dei har òg laga ei felles prosedyre for smitteoppsporing. Furnes trekk fram at han opplevde arbeidet med smitteoppsporing som tidkrevjande, og at han ser behov for at fleire har kjennskap til prosessen rundt smitteoppsporing slik at det helsefaglege og juridiske vert ivareteke. Denne prosedyren er, på lik linje med den for institusjonar, generisk og må tilpassast den einskilde kommune. Furnes tek òg opp at kommunane må få på plass digitale verktøy til bruk i smittesporingsarbeidet, noko som no er i ferd med å bli tilgjengeleg frå fleire kanalar.

Begge prosedyrane vert lagt ved referatet.

9. Antistofftestar

Det er framleis uvisse knytt til internindividuelle forskjellar i danninga av antistoff mot SARS-CoV-2. Dette gjeld òg knytt til kven som utviklar immunitet. Alle antistofftestar har avgrensa nytte dei første to vekene fordi det tek tid før antistoff dannast. Desse testane bør difor ikkje nyttast som einaste diagnostiske test ved mistanke om aktuell infeksjon. Negative antistofftestar tideleg i sjukdomen vil kunne gi falsk tryggleik i den mest smittsame fasen, og det er òg risiko for kryssimmunitet med andre luftvegsinfeksjonar. Dor pasientar med symptom og tidleg i sjukdomen tilrår ein difor framleis prøve frå luftvegar til direkte påvising av viruset ved hjelp av PCR-metoden.

Antistofftestar kan likevel ha ein rolle etter gjennomgått sjukdom hjå personar som har hatt milde symptom og som ikkje vert testa med PCR. Dette kan gi betre oversikt over immunstatus i befolkninga. Grunna internasjonal reagensmangel kan svartida i nokon tilfelle vere lang, mei i desse tilfella vil prøven frysast ned og svarast ut ved auka kapasitet.

Mikrobiologisk avdeling ved Haukeland opplyser om at sjølv prøvesettet kostar ca. 100 og at arbeid kjem i tillegg. Dei trur at det er få falske positive prøver, altså relativt høg spesifisitet, da dei har testa mot serum frå tida før koronaviruset kom til landet. Sensitiviteten er noko meir usikker, men testen ser ut til å fange godt opp dei som er positive (basert på testing mot serum frå PCR-positive pasientar).



10. Smittevernutstyr

Helsedirektoratet fortel at situasjonen for smittevernutstyr ser noko lysare ut, og det er venta større leveransar i tida som kjem.

Vi er kjende med at det er eit stort behov for smittevernfrakkar i nokon kommunar. Det har vore ein del forvirring knytt til ulike typar smittevernfrakkar og stellefrakkar som er mogleg å skaffe.

Helsedirektoratet har sagt at dei vil leggje inn standardmerkinga for smittevernfrakkane i Altinn, slik at det vert lettare å vite kva type frakkar ein skal rapportere på og som ein bestiller inn. Når det gjeld stellefrakkane er ikkje det definert som verneutstyr, og det er difor ingen standardmerking av desse.

Det er i dag to hovudtypar smittevernfrakkar:

- Eingongs smittefrakk – godkjent jamfør standarden NS-EN 14126. Desse er veskebestandige.
- Fleirgongs smittefrakk – Godkjent jamfør standarden NS-EN 3344. Desse er 50/50 bomull og polyester. Desse er normalt ikkje væskebestandige, og plastforkle bør eventuelt nyttast utanpå.

Helsedirektoratet opplyser om at det no er tre ulike bestillingar av norskproduserte smittefrakkar. Den første leveransen er klassifisert som stellefrakk, grunna uvisse rundt kvalitet. Dette er snakk om eit lite volum.

Ull produsenten Janus har òg starta produksjon av hetter og munnbind. Hettene er godkjent som smittevernutstyr, men ikkje godkjent for bruk på operasjonssalar grunna fare for lause partiklar.

Det er i dag eit stort lager av hanskar. Det har kome spørsmål om det er aktuelt å ta inn hanskar med mansjett for bestilling i Altinn. Helsedirektoratet har sagt at dette ikkje vil vere aktuelt. På sikt så er ambisjonen å trappe ned nasjonal forsyning og la marknaden ta over. Hanskar er nok den første artikkelen som vil bli tatt ut av den nasjonale forsyningsordninga.

Det vil snart vere mogleg å melde inn behov for pulsoksymetre i Altinn, og at dette så vil bli skaffe gjennom den nasjonale ordninga.

Forsvarets forskingsinstitutt har kapasitet til å gjennomføre kvalitetskontroll av smittevernutstyr som kommunane har kjøpt inn gjennom eigne kanalar. Prisen for slik testing er kl. 10 000. Vi tilrår at kommunane ser på moglegheita for ågå saman om dette dersom ein har kjøpt inn utsyr frå same leverandør for å halde kostandane så låge som mogleg.

Vi har rapportert inn ønske om å endre fordelingsnøkkelen (70/20/10) til Helsedirektoratet. Direktoratet har spelt dette vidare til Helse- og omsorgsdepartementet som er ansvarleg for denne avgjerda. Til det eventuelt skjer nokon endringar i fordelingsnøkkelen ber vi om at sjukehusa og kommunane held fram med å handtere utfordringar knytt til fordeling av smittevernutstyr lokalt.